



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Barnehageplan 2015-2020

Kapasitetsdel



Innholdsforteikning

1. Innleiing	3
1.1 Generelt om barnehageplanen	3
1.2 Mål for barnehageplanen i Meland.....	3
2. Barnehagetilbodet i dag	5
2.1 Kommuneplan for Meland kommune	5
2.2 Barnehagetilbodet i Meland.....	6
2.3 Rammer for drift av barnehagar	8
2.4 Kostnader drift av barnehagar	8
3. Framtidige behov for barnehageplassar	9
3.1 Prognosar og utviklingstrekk	9
3.2 Berekning av kapasitet	10
3.3 Behov for nye barnehageplassar	10
3.4 Kommunal eller privat utbygging	11
3.5 Lokalisering av framtidig barnehage	12
3.6 Konklusjon	12

1. Innleiing

Dette dokumentet inneheld kapasitetsdelen i barnehageplanen. Kvalitetsdelen i barnehageplanen vil leggjast fram i eiga sak. Fokuset i framlagt plandokument er korleis Meland kommune skal dekke det framtidige behovet for barnehageplassar i kommunen. Dokumentet seier difor noko om korleis utviklinga i tal barnehagebarn er venta og bli, samtidig som dagens status på barnehageplassar vert gjennomgått.

1.1 Generelt om barnehageplanen

Barnehagen er underlagt Kunnskapsdepartementet, og vert rekna som det første leddet i utdanningsrekka. Barnehagelova seier at barnehagen skal vere ein pedagogisk tilrettelagt verksemd. Pedagogisk kvalitet heng saman med bemanning i høve til kompetanse og storleik på barnegruppene. Kapasitet i høve til lovkravet og den økonomiske ramma er områder som samla vil utgjere rammevilkåra for sektoren.

Planen peiker ut tre perspektiv:

1. Det overordna er kva visjonar Meland kommune ønskjer for barnehagane.
2. Kva dette betyr for den vaksne si rolle i organisasjonen.
3. Kva det betyr for barna og kva tilbod det får.

1.2 Mål for barnehageplanen i Meland

Tabellen på neste side viser Meland kommune sine overordna mål i kommuneplanen, og barnehageplanen sine visjonar for sektoren. Kapitla som inngår her vil verte fletta inn i den ferdige versjonen av planen.

Meland kommune sine overordna mål for kommunen:

Barnehagane si vidareføring av kommunen sine mål inn i sin kvardag:


<p>Kommuneplan for 2014-2022 visjon "Eit samfunn for alle" Kap.1-9.</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal medverka til og oppleve god livskvalitet <p>Kap 3 og 9 i barnehageplanen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Meland kommune skal sikra at alle born har tilbod om barnehageplass av god kvalitet • Barnehagen er fyrste leddet i utdanningsløpet. Det skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. • Vi skal ha fokus på omsorg leik og læring.
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal ha ei berekraftig utvikling <p>Kap 4 i barnehageplanen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal vera ei lærande organisasjon som krev kompetanseheving og utvikling av personalet. • Stimulere til framtidsretta, innoverande, profesjonelle miljø.
<ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse i alt vi gjer <p>Kap 5 i barnehageplanen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Miljøet skal leggje grunnlag for at borna vert ivaretatt fysisk og psykisk. Vi skal sjå heile menneske. Vi skal leggje grunnlag for identitetsbygging og tilknytning til heimstaden som varer livet ut.
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland • Kapittel 6 og 7 i barnehageplanen 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader. • Leggje til rette for realistisk organisering av opptak og etterspurnad i høve til lokalsamfunnet sine behov. • Forutsigbar økonomi er naudsynt for å sikre høg kompetanse på dei vaksne som skal undervise borna.

2. Barnehagetilbodet i dag

2.1 Kommuneplan for Meland kommune

Kommuneplanen er det dokumentet som først og fremst styrer det framtidige behovet for nye barnehageplassar. Kommuneplanen er foreløpig under handsaming, og det er difor tatt utgangspunkt i høyringsutkastet. Kommuneplanen legg opp til at hovudtyngda av bustadutbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til Frekhaug kommunesenter og områdesenteret Rosslund.

Byggjeområde som var lagt inn i kommuneplanen for 2003 - 2014 er i hovudsak vidareført i noverande planframlegg. Arealbehov for bustadføremål er vurdert på bakgrunn av byggeaktivitet dei siste åra, arealreserver i gjeldande planer, tendensar i eigedomsmarknaden, folketalsutviklinga og den alminnelege samfunnsutviklinga. I kommuneplansamanheng er det nødvendig å ha ein viss overkapasitet på bustadområde, då store delar av utbyggingsområda er i privat eige. Tilbodet i marknaden vert i stor grad styrt av private utbyggjarar sine prioriteringar i høve til etterspørsel og lønsemd. Det reelle utbyggingsbehovet kan styrast kontinuerlig i planperioden gjennom vedtak om reguleringsplanar.



I gjeldande kommuneplan er det framleis arealreserve til om lag 1200 nye bustader. I tillegg er det foreslått i underkant av 1800 nye bustader. Til saman nesten 3000 bustader. Formannskapet har gjort vedtak i planprogrammet om at kommunen skal søkje å avgrense folkeveksten til om lag 2,5 % kvart år. Dette legg føringar for kor mange nye bustader det vert opna for å byggje kvart år. Høyringsutkastet legg opp til eit mål om å etablere 150 nye bustader i året.


For å kunne gje eit variert tenestetilbod, vil kommunen byggja ut pressområda over tid. Dette for å unngå at kapasiteten på dei kommunale tenestene vert sprengd og for å sikre eit variert bustadmiljø.

Det er lagt inn nye bustadområder i alle delar av kommunen. Rossland/Vikebø er det området som på kort sikt tåler størst utbygging, då det er mindre press på offentlig struktur der.

2.2 Barnehagetilbodet i Meland

Dei aller fleste barn går i barnehage. På landsbasis gjekk det i 2013 til saman 287 000 barn i barnehage fordelt på 62 000 barnehagar. 9 av desse barnehagane ligg i Meland kommune. I samsvar med krava i Barnehagelova er det er full barnehagedekning i Meland. Alle barn med rett på plass i høve til barnehagelova fekk plass ved hovudopptaket i 2014. Figuren under viser andelen barn som går i barnehage. For Meland sin del ser ein at trenden er ei klar auke sidan 2001, men at andelen varierer noko frå år til år. Dei siste åra har ca. 90 % av alle barn i Meland gått i barnehage. Samtidig har nesten alle barna som har barnehageplass fulltids plass dvs. meir enn 33 t i veka. Berre 4,2 % av barna har deltids plass.

Tidsserie for Andel barn 1-5 år med barnehageplass




Figuren over viser at ein ser same trend for alle utvala. Den gule linja som representerer Meland varierer meir enn dei andre linjene, men dette har sin årsak i at talmaterialet for Meland er mykje mindre, og at små variasjonar dermed vil gje større utslag.

Det er 9 barnehagar i Meland der 1 er kommunal og 8 er private. Meland kommune har ein stor andel private barnehagar samanlikna med resten av landet, der omtrent halvparten av barnehagane er private. Den høge andelen private barnehagar heng saman med at Meland har vore Robek kommune, og dermed valt å prioritere satsing på private barnehagar framfor å byggje ut i kommunal regi. Dei private aktørane har difor stått for størsteparten av utbygginga i sektoren dei seinare åra. Tabellen på neste side viser ein oversikt over storleiken på dei ulike barnehagane og fordelinga av små og store barn.

Tal barn i barnehagar i Meland kommune per (15.12.14)			
	Barn i dag	Barn 1-2 år	Barn 3-5 år
Kommunale barnehager			
Marihøna	30	9	21
Private barnehager			
Leirdalen	44	11	33
Blåklokka	120	40	80
Drømmehagen	130	84	46
Leiketun	96	33	63
Maurtua	50	20	30
Marthahaugen	96	35	61
Flatøy	21	6	15
Litagod	10	8	2
Total private barnehager	567	237	330
Totalt alle	597	246	351

Frå tabellen over kan ein sjå at storleiken på barnehagane varierer ein god del. Den minste familiebarnehagen har kun 10 barn medan den største ordinære barnehagen har 130 barn. Det er flest store barn i barnehagane, omtrent 60 % av barna er mellom 3-5 år medan ca. 40 % er 1-2 år. Vidare går dei aller fleste barna i privat barnehage, og berre 5 % går i kommunal barnehage.



Ettersom det er fritt barnehageval, er det foreldre som ynskjer barnehageplass i ein annan kommune enn den dei bur i. Hausten 2014 hadde Meland kommune 23 born frå andre kommunar i barnehagar i Meland. På same tid gjekk 25 born frå Meland i barnehage i andre kommunar. Tidlegare var dette talet vesentleg høgare. Ettersom dette talet er omtrent i balanse vert det ikkje tatt omsyn til dette seinare ved berekning av framtidig behov for barnehagekapasitet.

2.3 Rammer for drift av barnehagar

For å sikre ei forsvarleg drift av barnehagane er det krav til kor stort areal kvart barn skal ha. Kunnskapsdepartementet si rettleiande norm for inneareal i barnehagar angir 4 m2 netto leike- og opphaldsareal for barn frå tre år, og om lag 1/3 meir per barn under 3 år.

Barn	Alder	Arealnorm (m2)	Minimum pedagogtettleik
1	0-2 år	5,3	1 pedagog per 9 barn
1	3-5 år	4,0	1 pedagog per 18 barn

Godkjent leike- og opphaldsareal regulerer kor mange barn ein barnehage kan tilby plass. Utrekning av barna sitt areal tek utgangspunkt i dei romma som faktisk står til disposisjon for barna sine aktivitetar. Barn under tre år skal ha større leike- og opphaldsareal enn barn som er tre år og meir. Barnehageeigar fastset barnehagen sitt leike- og opphaldsareal, og barnehagemyndet i kommunen skal godkjenna det.

Planen legg opp til å vidareføra Meland kommune si arealnorm for dei kommunale barnehagane, som er 4 m2 per barn frå 3 år og meir og 5,3 m2 per barn under 3 år. Norma er i dag regulert i «Vedtekter for kommunalt barnehagar i Meland kommune». Arealet på uteområdet bør ifølgje norma vera seks gonger det godkjente leike- og opphaldsarealet inne.

Alle barnehagane må også vere godkjend etter Lov om Miljøretta Helsevern.

2.4 Kostnader drift av barnehagar


I Meland kommune er det kun ein kommunal barnehage, Marihøna. Tilskot til private barnehagar vert berekna ut i frå kostnadene til drift av kommunale barnehagar. Dersom kommunen ikkje har kommunal barnehage vil tilskotet bli gjeve basert på statlege satsar. For 2015 er det budsjettet med 71,42 mill i tilskot til drift og kapital for private barnehagar i Meland.

Driftstilskotet er høgare for små barn enn for store barn, ettersom pedagogtettleiken er større på småbarnsavdelingane. Ein nærare gjennomgang av kostnader er å finne i budsjett for Meland kommune 2015.

3. Framtidige behov for barnehageplassar

3.1 Prognosar og utviklingstrekk

Folketalet i Meland kommune har auka sterkt dei seinare åra. Figuren under viser utviklinga i folketal frå 2005 – 2014. I 2005 var det 442 barn mellom 1-5 år. I 2015 var dette talet auka til 638. I forhold til folketalet har andelen barn i denne aldersgruppa auka frå 7,54 % til 8,25 %. Samanlikna med resten av landet har Meland ein høg andel barn i barnehagealder. Landsnittet er på 6,2 %.



Dei siste ti åra har den prosentvise auka i andel barn i barnehagealder i snitt per år vore på 3,86 %. I tida framover kan ein ta utgangspunkt i ssb (statistisk sentralbyrå) sine prognosar for den vidare utviklinga. Prognosar vil alltid vere usikre, men Meland kommune har på bakgrunn av den sterke veksten som har vore til no, valt å bruke prognosar for høg nasjonal vekst. Høg nasjonal vekst tar utgangspunkt i følgjande faktorar: høg fruktbarheit, høg levealder, middels innanlandsk flytting og høg innvandring. I praksis vil sannsynlegvis Meland oppleve ein høg framfor middels innanlandsk flytting.

		2015	2016	2017	2018	2019	2020
1-5 år	Høg nasjonal vekst	638	643	669	693	705	728

Høg nasjonal vekst skisserar ei auke på 2,82 % i året fram mot 2020. Sjølv denne prognosa er noko låg samanlikna med det kommunen har opplevd dei seinare åra, men er likevel den prognosen som vert vurdert å vere mest sannsynleg av dei tilgjengelege prognosane. I snitt vil tal barn mellom 1-5 år auke med 18 barn per år. Ettersom det er stor usikkerheit med omsyn til prognosar er det viktig at dei vert oppdatert årleg, gjerne i samband med økonomiplanarbeidet, for å sikre at kommunen er mest mogleg oppdatert på utviklinga.

3.2 Berekening av kapasitet

Meland kommune har i dag teoretisk 708 barnehageplassar. Dette er ein teoretisk berekning av tal plassar som er tilgjengeleg i kvar barnehage basert på godkjent areal og ein fordeling av små barn og store barn på 40 % små barn og 60 % store barn. I tillegg er det korrigert for at ein av barnehagane (Blåklokka) ikkje ønskjer å ta inn meir barn enn i dag sjølv om dei har areal til fleire.


Kapasiteten på 708 barnehageplassar er likevel usikker. Det er fleire årsaker til dette. Meland kommune har nesten berre private barnehagar. Private barnehagar står fritt til å velje kor mange barn dei vil ta inn basert på eigne vedtekter, så lenge dei har nok areal og personale. Dette kan føre til at barn som etter lova ikkje har rett på barnehageplass kan få plass. På den måten kan barnehagane få fylt opp kapasiteten så godt som mogleg. Men på den andre sida kan private barnehagar også velje å ikkje nytte heile kapasiteten. For dei fleste barnehagane kan det også vere vanskeleg å ta inn akkurat så mange barn dei maksimalt kan ta inn ettersom gruppestorleiken kan bli lite hensiktsmessig.

Ein annan faktor er at foreldre kan velje å søkje barnehageplass i andre kommunar enn den dei bur i. I Meland er dette spesielt aktuelt ettersom mange foreldre jobbar i ein av nabokommunane.

3.3 Behov for nye barnehageplassar

Folketalet i Meland veks fort. Per 15.12.14 gjekk 597 barn i barnehagar i Meland. Dette er 93,6 % av barn mellom 1-5 år som bur i Meland kommune. Barnehagelova er no under revisjon, og det er foreslått at det bør vere to barnehageopptak i året framfor eit som det er i dag. Dersom denne endringa blir vedteke er det sannsynleg at andelen barn i barnehage vil auke ytterlegare. Vidare har ein difor valt å legge til grunn at 95 % av alle barn mellom 1-5 år vil gå i barnehagen i tida framover.

Figuren på neste side viser ei utvikling i tal barnehagebarn som kommunen meiner er sannsynleg basert på ssb sin prognose for høg nasjonal vekst, jf. kap. 3.1. Den grønne linja er utviklinga i tida framover basert på at 95 % av barna går i barnehage. Den øverste horisontale blå linja viser den teoretisk maks kapasiteten i tal barnehageplassar, medan den nedste horisontale blå linja viser 95 % utnytting av den teoretiske kapasiteten på barnehageplassar. I praksis skiljar det 35 plassar mellom 95 % utnytting og maks kapasitet. Dette er vurdert som ein fornuftig buffer. Frå figuren ser ein at tal barn i barnehage er like mykje som 95 % utnytting av maks kapasitet i 2019. Det vert difor vurdert at det er nødvendig å få etablert ein ny barnehage innan 2019.



3.4 Kommunal eller privat utbygging

Private utbyggjarar i Meland kommune har hatt ei særskilt viktig rolle i å få etablert eit godt barnehagetilbod. Private aktørar har gjennomført hovuddelen av investeringar og drift. Det er i dag kun ein kommunal barnehage i Meland. Den høge andelen private barnehagar fører likevel til at kommunen får ein del utfordringar knytt til barnehagesektoren. Dette er til dømes oversikt og styring av tal tilgjengelege barnehageplassar. Kommunen kan påleggja eigne barnehagar å bruka heile det godkjente arealet, men ikkje dei private. Dette fører til at kommunen ikkje har eit klart oversyn over kor mange barnehageplassar som er tilgjengeleg i høve godkjent leike- og opphaldsareal.

Dersom private barnehagar avviklar drift/vert lagt ned, kan kommunen få vanskar med å tilby barnehageplass til barn med rett til plass. Dette kan til dømes skje med små og økonomisk sårbare barnehagar, dersom tilskotet vert for lågt. Kommunen må då erstatta plassane på relativt kort tid.


Når ein først byggjar er det vurdert som økonomisk fornuftig å byggje ein større barnehage for få stordriftsfordeler både i byggeprosessen og i drifta av barnehagen. Ved bygging av store private barnehagar vil ein i periodar ha kapasitet til å ta inn mange barn utan rett til plass, noko som kan verta dyrt for kommunen ettersom kommunen uansett må betale ut tilskot. Dersom kommunen byggjer sjølv, kan ein velja å ta bygget gradvis i bruk.

Ettersom tilskotet til private barnehagar vert berekna basert på drift av kommunale barnehagar vil det også kunne gi meir forutsigbarheit i det årlege tilskotet til private barnehagar, dersom det vert bygd ein stor kommunal barnehage i Meland.

Omsynet til effektiv økonomisk drift og meir forutsigbarheit i tilskot til private barnehagar tilseier at utbygging av barnehageplassar i planperioden bør skje i kommunal regi. Dette fordrar at kommunen bør vere restriktiv også med omsyn til godkjenning av utviding av eksisterande private barnehagar. I økonomiplan 2015-2018 er det satt av pengar til bygging av kommunal barnehage frå 2018. Planen er at ny barnehage skal stå ferdig i 2019.

3.5 Lokalisering av framtidig barnehage

Det er kommuneplanen som definerer utbyggingsområder i kommunen. Det er i Frekhaugområdet dei største utbyggingsområda er etablert og vil kome i tida framover. Administrasjonen meiner difor at det er fornuftig å leggje ein ny barnehage til Frekhaugområdet. I tillegg til at Frekhaug opplever mykje utbygging, er det også planlagt ei stor utbygging på Flatøy. Utbygginga på Flatøy er foreløpig på eit tidleg stadium, og det er difor vurdert at etablering av ny barnehage på Flatøy ikkje vil vere aktuelt i denne planperioden.



I framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2014-2022 er det foreslått eit stort areal på Frekhaug som offentleg/privat tenesteyting. Dette området er vist i mørk rosa på kartutklippet. Administrasjonen vurderer at dette kan vere eit aktuelt areal for ny kommunal barnehage. Området ligg sentralt på Frekhaug, har gode soltilhøve og tilgang til naturområde.

3.6 Konklusjon

Det er i dag full barnehagedekning i Meland kommune. Prognosar for folketalsutvikling barn i alderen 1-5 år tilseier at kommunen treng i snitt mellom 16-17 nye barnehageplassar per år fram til 2020. Det er sannsynleg at ein ny barnehage bør stå klar i 2019 basert på prognosar frå ssb.

Kommunen sitt insitament i høve til privat utbygging er ikkje like stort lenger ettersom kommunen er ute av Robek. Det er vidare eit moment at kommunen kan få betre styring og kontroll med barnehagetilbodet dersom det vert bygd fleire kommunale barnehageplassar.

Omsynet til effektiv økonomisk drift og meir forutsigbarheit i tilskot til private barnehagar tilseier at utbygging av barnehageplassar i planperioden bør skje i kommunal regi. I økonomiplan 2015-2018 er det satt av pengar til bygging av kommunal barnehage frå 2018. Planen er at ny barnehage skal stå ferdig i 2019. Administrasjonen meiner at denne barnehagen bør ligge på Frekhaug basert på at dette er det største pressområde i kommunen.